

## MØTEPROTOKOLL

### Utdanningsutval HVL

**Dato:** 10.04.2019 kl. 12:30 – 14.00

**Sted:** Skype

**Arkivsak:** 18/07914

**Tilstede:** Bjørg Kristin Selvik, Anne-Grethe Naustdal, Gunn Haraldseid, Johanne-Marie Trovåg, Brit Julbø, Gunhild Raunsgard, Henrik Waage Tjore

**Møtende varamedlemmer:** Jonas Hagesæter Røthe

**Forfall:** Halvor Austenå, Turid Bogetvedt Hitland

**Andre:** Solfrid Kjoberg, Lene Borgen Waage

**Protokollfører:** Bente Sønsthagen, Avdeling for utdanningskvalitet

SAKSKART			Side
<b>Vedtaksaker</b>			
<a href="#">12/19</a>	18/09126-29	Revisjon av forskrift om studium og eksamen - drøfting i Utdanningsutvalet	1
<a href="#">13/19</a>	18/04252-50	Plan for pilotprosjekt periodiske evalueringar	3
<a href="#">14/19</a>	18/07500-17	Møteplan hausten 2019	4
<b>Orienteringssaker</b>			
<a href="#">7/19</a>	18/07500-18	Munnlege orienteringar og ymse	5

Bergen, 10.04.2019

Bjørg Kristin Selvik

- møteiar -

**12/19 Revisjon av forskrift om studium og eksamen - drøfting i Utdanningsutvalet**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	12/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet drøfter spørsmåla om revidert forskrift og ber arbeidsgruppa ta med seg innspela i vidare arbeid.

### **Møtebehandling**

Utdanningsutvalet slutta seg til dei føreslegne endringane i kapittel 3 i forskrift om studium og eksamen. Det vart stilt spørsmål ved om fristen 1. april for å publisere studieplanar er for tidleg, då det gir kort tid til kvalitetssikring etter godkjeningsfristen 15. mars. Det kom ikkje alternativt forslag, men arbeidsgruppa vart bedne om å få fram denne problemstillinga i styresaka.

På omtalen om retningslinjer og avtalar for bachelor- og masteroppgåver under kapittel 9 var det semje om at det må stå at fakulteta «skal» utarbeide retningslinjer.

### **Vedtak**

Utdanningsutvalet ber arbeidsgruppa ta med seg innspela i det vidare arbeidet før vedtak i styret.

Utdanningsutvalet ber prorektor for utdanning om å følgje opp vedtaket i styret med å be fakulteta utarbeide retningslinjer for bachelor- og masteroppgåver innan ein gitt frist, der det vert lagt føringar for minstekrava.

## **13/19 Plan for pilotprosjekt periodiske evalueringar**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	13/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet godkjenner plan for pilotprosjekt for periodiske evalueringar.

### **Møtebehandling**

Utdanningsutvalet slutta seg til planen for periodiske evalueringar, men kom med innspel om at fristen for sjølvevaluering må komme seinare. Det er viktig å ha gode prosessar som opplevast nyttige, der også fakulteta som ikkje gjennomfører pilotar har høve til å delta og hauste erfaringar.

### **Vedtak**

Utdanningsutvalet godkjenner plan for pilotprosjekt for periodiske evalueringar, med forbehold om at fagmiljøa godkjenner fristane som er sett for sjølvevalueringa.

Utdanningsutvalet tek sikte på å fastsette rulleringsplanen for pilotane på siste møte i 2019, medan behandlinga av rapportane frå pilotane skjer i første møte i 2020.

## **14/19 Møteplan hausten 2019**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	14/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet vedtek forslag til møtedatoar for hausten 2019.

### **Møtebehandling**

4.9. passar ikkje for alle medlemmene, så her må varamedlemmer kallast inn. Dersom det skal vere møte i oktober må dette både tilpassast haustferie og dato for kvalitetskonferansen. Det er truleg betre å ha eit møte i desember i staden.

Erfaringa frå fellesmøte med LMU viste at det er krevjande å ha dette over Skype, så ein bør vurdere om det er mogeleg med eit fysisk møte med FI- utvalet.

### **Vedtak**

Utdanningsutvalet ber leiar og sekretær jobbe vidare med fastsetting av møteplan, og avtale dato for fellesmøte med FI- utvalet.

<b>Saknr</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
7/19	18/07500-18	<p>Munnelege orienteringar og ymse:</p> <p><b>Status delprosjekt om system for lagring og formidling</b>  Lene Borgen Waage orienterte. Det blir arbeidd vidare med dette saman med IT. Vi må sjå på lagring og formidling som to separate ting, og det blir spesielt viktig å finne ut korleis lagringa av sensitiv informasjon skal skje.</p> <p><b>Modell for studieportefølje.</b>  Bjørg Kristin Selvik orienterte. Det har vore møte i arbeidsgruppe for å sjå på innspela til høyringa. Innspela går i hovudsak på å forenkle og få færre indikatorar, noko som arbeidsgruppa har tatt til følge. Når det står at kjelda er sjøvevaluering, så endrar vi dette til sjølvrapporering. Det er viktig at vi har både kvalitative og kvantitative indikatorar for å få best mogleg informasjonsgrunnlag for å vurdere studieportefølja. Modellen skal brukast på studium på 60 studiepoeng eller meir. Vi skal også sjå på om det er rett analysenivå, og legge inn institutt der det er nødvendig. Denne kjem som sak i styret 9. mai.</p> <p><b>Høyring Studentrekrutteringsstrategi for HVL for 2019-2023.</b> Høyringsfristen er 16. april. Lite innspel til sjølve strategien, men heller til om den var komen ut i organisasjonen. Studentane var usikre på dei hadde fått den.</p> <p><b>Saker til Ymse</b>  Jonas H. Røthe (student) har meldt inn ei sak til ymse knytt til revidering av forskrift om studium og eksamen knytt til publisering av timeplan og varsling av endring av timeplan. Tidfesta frist for endring av ordinær undervisning har ikkje vore eit spørsmål i høyringa, og då kan vi ikkje ta dette utan at det blir ei ny høyring. Vi kan ikkje forskriftsfeste «alt», men vi må ha gode rutinar for å varsle avlyst undervisning</p>